



Knut Prestnes går - Elin Legland blir (Foto: Ola Matti Mathisen)

Knut Prestnes seier no takk for seg i Senterpartiet. Hans medlemskap er opphøyrtd frå i dag.

Etter rundt 20 års medlemskap i Senterpartiet, har Knut Prestnes i dag sendt si formelle utmelding både til lokallaget og til fylkespartiet.

– Eg viser til pressemeldinga frå styret i Hordaland Senterparti den 5. oktober d.å., og melder hermed frå om at medlemskapet mitt opphøyrer frå og med i dag, skriv den profilerte kommunepolitikaren i ein epost.

– Etter vedtaka både i lokallaget og i fylkesstyret sist veke følte eg ein viss mistillit mot meg, og det kunne eg ikkje leva med, seier Knut Prestnes til *HusnesNett*. I dag sende han epost med utmelding.

Avgjerda om å melda seg ut av Senterpartiet etter rundt 20 års medlemskap tok Prestnes på eige initiativ, og utan at ultimatumet frå styret i fylkespartiet vart vurdert juridisk.

– Nei, eg tok meg god tid til å analysere situasjonen som oppstod, og det var nødvendig å søkja juridisk bistand for å koma fram til standpunktet eg har teke, seier Prestnes.

– Var det ei vanskeleg avgjerd?

– I grunnen ikkje, all den tid det straks etter kommunevalet utkrystallerte seg eit divergerande syn mellom meg og delar av Senterpartiet her lokalt. Dette har eg langt på veg følt som ei mistillit mot meg.

Ville ha Sp i posisjon

– Sjølv sagt er det ein trasig situasjon når slikt oppstår, men det skjer frå tid til anna i det politiske livet. Mitt motiv heile vegen var å få Senterpartiet med i ein fleirtalskoalisjon for å driva god Sp-politikk. Men det ville altså ikkje eit lite fleirtal av medlemene og styret vera med på, mellom anna fordi Frp var med, avsluttar Knut Prestnes.

Som tidlegare meldt vil han no gå inn i den nye fleirtalskoalisjonen saman med Ap, Frp og Venstre. Partane inngjekk tidlegare i veka eit forpliktande samarbeid om politikken som skal førast i Kvinnherad den neste fireårsperioden.

Av Kristian Hus